



Åsmund Lien var sjølvsagt på plass for å få med seg oselvar-boksleppet.

Oselvaren i sentrum

Oselvaren stod bokstavleg i sentrum då Kjell Magnus Økland lanserte boka «Oselvar - den levande båten» i Os laurdag.

KENNETH SVENNINGSEN
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Og det var ikkje berre éin. Heile seks oselvarar hadde "flote" opp frå elvbreidda og inn til sentrumskvartalet laurdag før-middag.

Dei to siste var berre nære slektningar.

- Me har seks ulike versjonar av oselvaren her i dag. Dei to som står lengst bort mot torget er oldeforeldra til oselvaren. Den eine er kalla halsnøybåten og den andre er kalla gokstadværinga. Sistnemnde har vore laga så langt tilbake som til år 900 etter Kristus, fortel Kjell Magnus Økland.

Tre kilo oselvar

Tysnesingen har skriva det som for mange kan verka som det endelege kompendiumet om oselvaren. Heile tre kilo med informasjon er festa mellom to permar. Då skulle ein gjerne tru at det meste er sagt og skriva om temaet.

- Å nei, du. Eg har fanga litt om historikken, byggjekunsten og båten som

bruksbåt, men me er ikkje ein gong starta med temaet. Heile poenget med boka er jo å få folk til å bruka denne flotte båten igjen. Me må ivareta arven etter forfedrane våre. Både elska og bruka oselvaren, messer Økland.

Han såg ut til å ha ein solid horde tilhengjarar med seg på det laurdag før-middag.

Nemnd i boka

Det var nemleg bra kø framfor bordet der han signerte boka. I tillegg var det stadig godt med nysgjerrige som kikka på dei åtte båtane som låg fortøyd til brusteinen i gata.

- Eg kliner til og kjøper tre eksemplar. Far min var svært interessert i oselvaren og historikken kring den. Han er dessverre gått bort no, men no kjøper eg ein til meg sjølv og ein til kvar av mine to søsken, seier Kari Hope.

Tysnesingen meinte til og med at det var sjanse for at det stod om ho i boka.

- Eg var med å vinna NM i oselvarsegling i 1968. Det har du vel fått med, Kjell Magnus, undra Hope.

- Ja, du skal ikkje sjå bort frå det, humra forfattaren.

Han avslutta Os-utfarten sin laurdag med å halda føredrag for i kommunestyresalen.



Kjell Magnus Økland meiner det ligg eit stort ansvar på osingar når det gjeld å bruka og ivareta tradisjonane kring oselvaren.



Totalt åtte båtar var utstilte i samband med boksleppet laurdag.